

# Årsmelding for idrettslaget Føyk 2014



## *Laget har hatt desse tillitsvalgte ;*

Formann	Geir Olav Guddal
Nestleiar	Eivind Myklebust
Kasserar	Magnus Steigedal
Skrivar	Brit Sexe Ulriksen
Styremedlem	Anve Tveit (friidrettsrepresentant)
	Gro Tveit
	Ann Kristin Bjørklund (Fotballkontakt)
Ungdomsrepresentant	Sigurd Solheim
Idrettsmerkenemd	Grete Børve
Valnemd	Amy Henrickson
	Håkon Brattespe
	Ridvan Dalkilicoglo
Revisor	Torill Sandstå



FV: Brit Sexe Ulriksen, Magnus Steigedal, Eivind Myklebust, Geir Guddal, Anve Tveit.  
Fremst: Ann Krsistin Bjørklund og Gro Tveit

Me har hatt 6 styremøte i idrettsåret 2014. Sigurd Solheim har gått på skule på Os og har ikkje vore aktivt i styret av den grunn.

17. februar var Geir på møte med rådmann og representantar frå administrasjonen i heradet i regi indre austsio grannalag. 20. mars var Geir på årsmøte til IL Harding og 18 november var

han på møte i Hardingalliansen. 5. mars var Geir og Brit på årsmøte til idrettsrådet. I tillegg kjem diverse møte kring bruken av gymsalen og møterom på barnehagen

## ***Medlemmer***

Registrerte medlemmer 2014: 180 ( I 2013 var der 185 registrerte medlemmar)

Vaksne: 104 (av dette 6 støttemedlemmar)

Ungdom: 28

Born: 42

## ***Økonomi***

Økonomien til laget er god. Me har ein jamn inngang av medlemspengar kvart år og framleis ein god inntektskilde i "Grasrotandelen" frå Norsk Tipping. "Grasrotandelen" er den største inntektskilda i Føyk, sjølv om andelen til Føyk har gått ned med ca. 20% i frå 2013. Føyk har investert mykje i åra 2013 og 2014 då det meste av treningsutstyret vart med til Opedal Skule. Kan for 2014 nemna utstyr til medlemsrom, fotballmål og stepkassar etc. Føyk har fått innbetalingar frå fylkeskommunen for arbeidet med brua som vert gjort i 2013 og frå gjensidigestiftelsen for innkjøp av utstyr til idrettsskulen. Syner elles til rekneskapen for meir informasjon.

# Treningstilbod i sesongen 2014

Me har hatt og har eit variert treningstilbod for dei fleste aldersgruppene.

**Idrettsskule/treningar** for 1.– 3. klasse, 4.- 7. klasse. Aktivitetar som ballspel, badminton, friidrett, ski, turn, volleyball, røris og skøyter.

Turntreningane er gjennomført i samarbeid med Tyssedal idrettslag i Tyssohallen. Der var 4-7 klasse og dei hadde 3 treningar. Her var ikkje oppmøte frå Føyk som forventa



Skitreninga har vore 2 gonger på Korlevoll. Der var me i snitt 11 stk kvar gong og tilbodet var frå 1-7 klasse. Ungane likte denne type trening sjølv om det ble noko lang reis ein kvardag.

Generelt har det vore bra oppmøte på treningane.

Ansvarlege for desse treningane har vore positive eldsjeler, foreldre og styrerepresentantane. Styret meiner denne delen av drifta til Føyk er sentral og oppmodar alle om å støtta opp om dette ved å motivere barna og ved å stille opp som medhjelpar eller trenar.



**8-10 klasse** har organisert seg sjølve. Branninstruksane krev at det er vaksenpersonar til stades på treningane, foreldra har bytta på denne jobben. Oppmøtet har variert på 3-4 til 10 personar.

**Småbarnstrening;** Gro Tveit og Brit Ulriksen hadde treningane fyrste halvår så overtok Linda Mjelde Sekse hausthalvåret. Dei har hatt trening kvar måndag i 45 min. Noko varierende oppmøte men +-7 born. Aktivitetsløype, fri leik og songleikar

**Dametrim;** Den tradisjonelle dametreninga som har vore onsdagane vart slutta til sommaren 2014 pga for lite deltakarar. Fleire byrja på bodypump trening og det gjekk ut over dametreninga. Men hausten 2014 starta Kristin Holsen Børve opp NY dametrening på tysdagane. Sirkeltrening med vekter på de fleste stasjonar. 3x45sekund på kvar stasjon. Step til oppvarming, 10-15min. 5-6 deltakere i snitt. Passer for alle damer då ein kan velga øvelser og vekter etter eige nivå.

**Bodypump;** Ny aktivitet i FØYK som vart starta hausten 2013. Anita Sævdal har vore trenar dette året, med noko hjelp av Gro Tveit og Signe Lise Børve når ikkje Anita har hatt anledning. 1 time styrketrening med vekter. Ei trening som har god spredning i deltakarane

**Gubbatrim;** Petter Ulriksen hadde treninga fyrste halvår og så overtok Magnus Steigedal. Det er halv annen time torsdagane og her har oppmøte tatt seg opp. Det er ballspel og styrketrening. Her er det god blanding i alder.

**Badmintontrening;** Geir har hatt badmintontrening fredagane noko sporadisk, men jevnleg i 2014.

**Trim Turgåring;** Turen rundt Sekse starta Føyk opp med hausten 2013. Det er Anve Tveit som er ansvarleg. Dei går tur kvar onsdag kl 19.00 med grannatun som oppstart. Ikkje noko stort tempo, ikkje noko krav til utstyr, ikkje noko krav til å gå heilt omkring Sekse, du kan gå så langt du vil. Det einaste kravet er å bruka refleksvest. Det å koma seg ut, gå samla, ha det sosialt, prata med bygdafolk, utveksla meiningar og synspunkter og ha det moro er det turen onsdag har å tilby Dei har vore frå 2-7 stk som har gått turen. 10 ulike personar. Noko fleire enn i fjor. Turre passer for alle.

#### **Treningstider:**

For oppdatert treningsoversikt sjå Føyk side på facebook og indreaustio.no. Den heng og på grannatun og ved inngangen til garderoben. Idrettskule oversikten har blitt sendt ut til alle elevane på bussen. Indreaustio gav ut ein informasjonsfoldar hausten 2014 og då låg treningsplanen til FØYK med

**Fotball:** Føyk, UTIL og Kinsarvik IL samarbeider på tvers av laga når det gjeld fotballtrening og fotballturneringar. Dette gjeld alle aldersgrupper. Treningane føregår på Hordatun. Alle laga stiller som "Harding" med ulike alderstrinn for å skilje mellom alle laga. Føyk IL har vore representert i alle årsklassar denne sesongen og. Føyk bidreg og godt på trenar sida og med aktive foreldre elles. Fotballgruppa har delteke i bl.a fjordaserien for dei minste, Tyssocup og Eidfjordcup.

#### **Friidrett**

Friidretten i Føyk og Harding har dette året vore labert. Det er gjennomført litt friidrettstrening ifm. idretts-skulen. Hoppstevner u. tilløp som tidlegare år var arr. (4 - 5 stk.) av dei ulike laga i Harding er uteblitt. Det sama er UM i hopp u. tilløp. Friidrett har låg aktivitet elles i heradet og. I Hardings regi er Blømingmila gjennomført som eit gateløp der medlemmer av Føyk var deltakarar og arr.

## LIATRAVEN FØYK 2014

Følgjande 27 personar gjennomførte alle fem turmåla til idrettslaget FØYK i 2014:

NAMN	POENG
Gro Tveit	628
Jorunn Børve	429
Geir Olav Guddal	356
Anita Sævdal	337
Katrine Sekse	308
Siv K. Brattespe	265
Hilde Underdal	264
Elin S. Røynstrand	222
Jorunn Sekse	162
Signe Lise Børve	160
Hanne Nikkels	158
Brit Sexe Ulriksen	154
Siri Husevold	141
Iren Lunde Knutsen	137
Åshild Y.Hesjedal	136
Bjørg Hovland Børve	121
Oda G. Tyssebotn	117
Sigbjørn Guddal	102
Arvid Ystanes	100
Bjørg Børve Dvergsdal	100
Anne Grete Midtbø	93
Hildegunn Espe	93
Stig Hesjedal	93
Brita Meling Meland	85
Silje Brattespe	70
Silje Sekse	70
Viljar Opedal Brattespe	70

**Vinnar av vaksenklassen vart Gro Tveit med 628 poeng.**

**I barneklassen vann Sigbjørn Guddal med 102 poeng.**

Totalt vart det funne 1298 innskrivingar i bøkene for 2014

I alt 11 personar hadde alle turmåla for fyrste gong og Føyk medlemmer får kopp til odel og eige. Føyk fører statistikk over fleire år, sjå utfyllande info på [www.indreaustsio.no](http://www.indreaustsio.no). Planen er å gjere stas på trufaste travarar ved oppnådde runde tal.

Føyk minner også om at dei som vil kan få årstallet inngravert i koppen kvart år ein har alle turmåla. Lever koppen til styret

# Arrangement

## Trimkarusell;

Alle 3 løp var på Sekse 12, 22 og 25 mai.

Det var 33 born i snitt på dei tri dagane. Siste dagen avrunda me med grilling og då var det 33 born. Premie til dei som har delteke på 2 av 3 løp. Premien i år var Føyk t-skjorter. 32 stk fekk premie Kjekt i år var at Isklar sponsa borna med drikkevattn



## Kveldsmattur

Føyk har hatt to turer for dei minste. Fyrste var 2 juni og då var me i skjeret ved Børve fruktlager. 19 vaksne og 26 born. Kjekkk dag med nydeleg ver. Ungane bada og me grilla det som var for mykje etter trimkarusellen. Neste tur var 18. september og då gjekkk me i lia til Jan Sandven på nedre Børve. Då var me 5 vaksne og 10 born, men fin tur var det og.



## **Skidag Håradalen-Dyrskarheii- Seljestad**

30.mars arrangerte FØYK skidag med Åshild Hesjedal som turleiar. Dei var 3 vaksne og 13 born Turen starta med at dei tok trekket opp Håradalen og gjekk via Dyrskarheii ned til Seljestad. Turen var frå 4. klasse og var 15 km. Fantastisk tur

## **Idrettsmerke**

Føyk har prøvd å få auka fokus på idrettsmerket. Grethe Børve har vore ansvarleg og det var 10 stk som tok merket. Desse var Ragnhild Mjelde Tveit, Anve Tveit, Olav Guddal, Geir Olav Guddal, Åshild Ystanes, Grete Kvile Børve, Hanne Tjoflot, Stine S. Johanessen, Halldor Espe, Hildegunn Espe. I 2012 var det 2 som tok merket , i 2013 var det 9. Så utviklinga er god, men me vonar på enno fleire neste år. Sjå vilkåra for idrettsmerket på [www.indreaustio.no](http://www.indreaustio.no) under Føyk.

## **Skøyter**

I byrjinga av 2014 hadde me ein kort periode med skøyteis og stor aktivitet. Både organisert og uorganisert. På slutten av året var det mildver og ingen skøyteaktivitet. Helge Hauso var skøyteansvarleg..

## **Klatredag Tyssohallen**

26 januar hadde Føyk aktivitetsdag i Tysshohallen. Det var i 3 timer og me delte salen inn i 3 aktiviteter. Klatring, fotball og badminton. 3 stk frå hardanger fjellklyvarlag var med som sikrarar under klatringa. Me var 20 born med foreldre. Ein kjekk dag.



## **Diverse**

Føyk fekk 30.000 kr frå gjensidige stiftelsen. Det var ei kjærkomen gåve som gjekk til nye balansebenkar, gym matter, oppbevaringstativ, landhockeyutstyr og oppbevaringsvogn, samt ballar og småutstyr.

Føyk har fått nytt møterom i barnehagen. Dette pusses opp i årskiftet 2014/2015

## **Info**

Føyk har e-post adressa [foykil@gmail.com](mailto:foykil@gmail.com). Denne sjekkar skrivaren i laget, send gjerne e-post. Føyk finn du og på facebook og på nettsida [www.indreaustsio.no](http://www.indreaustsio.no).

Sekse 18. januar 2015

Skrivar Føyk,  
Brit Sexe Ulriksen